



# FJELL KOMMUNE

Rådmannen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.  
2017/4336

Vår ref.  
2017/4750 - 26724/2017

Saksb. – tlf.  
Einar Lunde - 55097374

Dato  
20.10.2017

## **Uttale frå Fjell kommune til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029**

Fjell har lenge vore ein vekstcommune, med over 25 500 innbyggjarar. Etter storleik har kommunen ei av dei yngste befolkningane i landet, med rundt 30% under 20 år.

Den historiske høge folketalsveksten og høg grad av pendling både inn og ut av kommunen, gjer at infrastrukturen i kommunen er ei utfordring. Vegnettet er ikkje tilpassa trafikkbelaistninga, og forholda for mjuke trafikantar langs vegnettet er mange stader svært dårlig. Standarden på fylkesvegane i kommunen er gjennomgåande dårlig. Vegane er smale og uoversiktlege, og mange burde for lengst vore oppgradert. Det er også eit stort etterslep på vedlikehaldet.

Fjell kommune vil i denne uttalen peika på fleire viktige vegprosjekt i kommunen som må prioriterast i investeringsprogrammet både på kort og lang sikt.

### **Særleg utbetringsbehov:**

Det vert vist søknad om midlar til trafikksikring og punktutbetring av Fv 210 og Fv 209 i Fjell kommune datert 23.02.2017 og til møte og synfaring med samferdslestaten og Statens Vegvesen om delfinansiering av fleire utbetrings- og trafikksikringsprosjekt i Fjell kommune.

### **Fv 209 Foldnesvegen, frå Foldnes skule til kryss gamle Foldnesvegen, 1728 meter:**

Det bur om lag 2300 innbyggjarar i grunnkrinsane på Foldnes, og om lag 300 born går på Foldnes barneskule, med Fv 209 Foldnesvegen som skuleveg. ÅDT på strekninga frå Foldnes skule til kryss gamle Foldnesvegen er om lag 4500 (2015-tal), med 5% del tunge køyretøy. I Nasjonal vegdatabank er det registrert 14 trafikkulukker på Fv 209 Foldnesvegen mellom 2000 og 2015.

Standaren på køyrevegen er varierande, med fleire svært smale parti og uoversiktlege strekningar. Dei eksisterande fortaua er smale og i dårlig forfatning. Enkelte deler av dei smale vegstrekka har ikkje fortau, og er særsla trafikkfarlege for mjuke trafikantar. Dette gjeld særskilt strekninga frå Grunnavågen til kryss ved Gamle Foldnesveg. Det ligg føre godkjente reguleringsplanar på heile strekninga.

**Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg på heile strekninga, 1728 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 80 millionar kroner.**

.. /2

## Fv 210 Vestsidevegen:

I Nasjonal vegdatabank er det registrert 13 ulukker på Fv 210 fra Møvika til Apalvågen, mellom 2000 og 2015. ÅDT på denne strekninga er 2100 (2015-tal), med ca 5% tunge køyretøy. Det føreligg godkjente reguleringsplanar for både strekning 1 og 2.

### Strekning 1: Fv 210 frå kryss Møvika kai og 375 meter nord mot Skålevika:

Der Fv 559 går over til Fv 210 ved Møvika, er det svært smalt og uoversiktleg. Det finst ikkje trygge alternativ for dei mjuke trafikantane, som må gå og sykla i køyrebana.

Strekninga gjeld punkt 1 og 2 som vist i vedlegg for Vestsidevegen.

Punkt 1: Fv 210 HP1 0-170 m.

Punkt 2: Fv 210 HP1 170-375 m.

### **Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg frå 0-375 m.**

**Standardhevinga er kostnadsrekna til totalt 15 millionar kroner.**

### Strekning 2: Fv 210 frå Apalvågen kai og om lag 560 meter nord mot Eide:

Fv 210 frå Skålevik mot Apalvågen kai, har i dag SA2-standard med gang- og sykkelveg.

Vidare nordover smalnar vegen til eitt køyrefelt, utan noko trygt alternativ for mjuke trafikantar. På denne strekninga er det mykje tungtransport i samband med Vågen Seafood AS, lokalisert på Sekkingstad.

### **Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg frå Fv 210 HP1 3565-4125 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 23 millionar.**

Det er eit fylkeskommunalt ansvar at desse vegane er forsvarlege, men Fjell kommune ønskjer å bidra til at heilt naudsynne utbetringar vert framskunda. Det er stor politisk vilje i Fjell kommune til å utbetra desse vegstrekningane og fylkeskommunen har i høyringsbrevet signalisert at ein er positiv til samarbeidsprosjekt.

Fjell kommune inviterer difor til deling av utgiftene, der kommunen bidreg med delar av kostnadane og at Hordaland fylkeskommune tek det resterande beløpet, og at fylkeskommunen set av midlar til desse prosjekta i 2018/2019.

## Fv 555 og Fv 561:

Fjell kommune er nøgd med at nord-sør-vegen på Sotra Fv555 og FV 561 har fått prioritet 1 i investeringsprogrammet og som fylkeskommunen ser det som særskilt viktig å ruste opp i neste 12 årsperiode. Desse vegane vil vere særskilt viktige samanbindingsvegar i den nye store kommunen vest for Bergen. Vegane skal også inngå i ein framtidig oppgradert transportkorridor frå sør i Sund kommune til nord i Øygarden kommune.

Hovudmålet er å få ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkåre inn mot Rv 555 og vidare mot Bergen. Særleg næringstrafikken til dei store industriområda på Ågotnes, Kollsnes og Sture krev ein veg av god standard.

Fjell kommunen vil, saman med Sund og Øygarden kommunar, arbeide for å få på plass ei finansieringsløysing for opprusting/bygging av desse vegane så snart reguleringsplan med kostnadsoverslag ligg føre våren 2018.

Kostnadene til utbetring/bygging av desse vegprosjekta vil verte høge og kommunen reknar med at tiltaka truleg må delfinansierast med bompengar.

### **Det øvrige fylkesvegnettet i kommunen:**

Fjell kommune har fleire uløyste oppgåver knytt til fylkesvegane elles. Spesielt kan nemnast opprusting av følgjande veger som det ligg føre godkjente reguleringsplanar for:

- Fv 203 Trengereid - Kallestad
- Fv 206 Bildøybakken - Liaskjæet
- Fv 207 på Bjarøyna
- Fv 210 Mørvika –Eide
- Fv 211 Ågotnes - Polleidet

Alle desse vegane har låg standard og stor trafikk og treng sårt til utbetring og trafikksikring. Fleire av desse er vurdert som farleg skuleveg, noko som utløyser ekstra skuleskyss og kostnader til dette.

Fjell kommune vil arbeida for å få realisert utbetring/trafikksikring av desse vegane , både som strekningsvise utbetringar og punktutbetringar på særleg farlege punkt. Fjell kommune ber difor om at desse vert prioritert – og vonar på eit godt samarbeid med fylkeskommunen om dette.

### **Styrking av kollektivtilbodet:**

Fjell kommune har tidlegare i haust gjennomført ei enkel reisevaneundersøking for Sotra, som er vedlagt. Denne viser at vi har et stort potensiale å hente på kollektiv ved å sette opp fleire direkte ruter frå Skogsvågskiftet/Ågotnes/Straume gjennom Knappentunnelen mot Fana, Kokstad/Sandsli og Flesland.

Dersom ein kan få fleire reisande over på buss så vil det lette presset på dagens Sotrasamband og trafikkavviklinga i rushtida.

Dette har kommunen tidlegare teke opp med Skyss og fylkeskommunen, men ber om at slike direkte ruter vert vurdert på nytt.

### **Fordeling av midlar til fornying og opprusting:**

Det er eit stort etterslep på opprusting og fornying av fylkesvegane. Difor meiner Fjell kommune at sekkepostane i investeringsprogrammet som er sett av til «Mindre utbetringar(spleiselas)», «Trafikksikring» og «Gang- og sykkel» må aukast monaleg dersom ein skal kunne ta att noko av etterslepet.

Med helsing

Steinar Nesse  
Rådmann

Bjørn Erik Kristiansen  
Plan- og utbyggingsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

Vedlegg:      Kart over utbetringar Fv 209 Foldnesvegen  
                   Oversiktkart Fv 210 Vestsidevegen  
                   Enkel reisevaneundersøking for Sotra